

Uendra fisketid i elva

12.01.2013



Frida Almås frå Stord tok ein fisk på 8,15 kilo i fjor

Leiar i elveeigarlaget Johannes Kaldstad Feet reknar med at fisketida vert frå 15.juni til 1. september også i år. Han er godt nøgd med fjorårets resultat som var 1009 kilo laks og 105 kilo sjøaure og seier til Grenda at dei i forkant av sesongen ynskte seg ein fangst på mellom 800 og 900 kilo og kan tenke seg at fangsten i år ikkje vert større enn i fjor.

Han vil særleg oppmoda folk om å ta vare på sjøaurestamma og at meir fisk vert slept ut att i elva. Bestanden er framleis svært sårbar. Men det er mange observasjonar av fisk og den verkar å vera av relativt god helse sjølv om det kan vera tilfeldig. Det har vore mindre lus å sjå enn før og det kan skuldast at elva ligg så langt ute i fjorden.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen